

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 24.11.2014
SAKSHANDSAMAR: Hans Stenby
SAKA GJELD: **Kommentar til rapport frå Internrevisjonen - Anskaffing og vedlikehald av medisinsk-teknisk utstyr (MTU)**

ARKIVSAK: 2014/656/
STYRESAK: 144/14

STYREMØTE: 08.12. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

Det blir vist til eigen rapport frå Internrevisjonen om anskaffing og vedlikehald medisinsk teknisk utstyr (MTU): Det blir i saka gitt kommentarar til korleis dei tilrådingane som blir gitt i rapporten kan følgjast opp.

Fakta

Internrevisjonen har gjennomført ein revisjon av anskaffing og vedlikehald av medisinsk-teknisk utstyr (MTU). Rapporten blir lagt fram i eigen sak. Det gis her kommentarar til rapporten.

Kommentarar

Rapporten har følgjande hovudkonklusjon:

Føretaka ser ut til å ha tilfredstillande system og kontroll over det medisinsk-tekniske utstyret sitt. Rutinane for anskaffing og drift synest å vere tilfredsstillande, sett i føretaksperspektiv. I liten grad har føretaka samarbeidd om anskaffing av utstyr eller den tekniske drifta av det, heller ikkje om utvikling av felles rutinar for opplæring og vedlikehald. RHF-et si involvering har hovudsakleg skjedd innan tilrettelegging og utvikling av felles systemløysingar. Internrevisjonen vurderer det slik at organisasjonen er moden for å prøve ut regionale løysingar der det gir gevinstar.

Internrevisjonen gir følgjande 5 tilrådingar:

- Fortsette innsatsen med å overhalde anskaffingsregelverket, og søke verkemidlar for å effektivisere anskaffingane.
- Følgje opp krav til (og eigne planar for) gjennomføring av opplæring. I samband med den nye modulen i Kompetanseportalen bør ein nytte høvet til å vurdere samordningstiltak på tvers av føretaka.
- Oppfylle forskriftskrava om risikovurdering, gjennomføring og dokumentasjon av førebyggjande vedlikehald.
- Gjennom systematisk samarbeid mellom føretaka betre systematikken på m.a. utarbeiding av felles rutinar for registrering av utstyr, opplæring og drift/vedlikehald, spesielt i lys av føreståande innføring av nytt FDV-system.
- RHF-et og HF-a bør vurdere kost/nytte ved større grad av samordning av ressursane (både utstyr og personell) innan MTU-området i Helse Vest.

Det blir nedanfor føreslått korleis tilrådingane kan følgjast opp.

	Tilråding	Forslag til oppfølging
1	Fortsette innsatsen med å overhalde anskaffingsregelverket, og søke verkemidlar for å effektivisere anskaffingane.	Prosjekt Orkidé foreslår at innkjøpsfunksjonen i Helse Vest blir organisert i ei ny eining. Anskaffing av MTU er inkludert i dette. Eigen styresak kjem utpå nyåret 2015. Ein ny organisasjon vil profesjonalisera og effektivisera anskaffing av MTU. Vidare er det starta eit arbeid for å laga ein samla plan for MTU anskaffingane i regionen for 2015.
2	Følgje opp krav til (og eigne planar for) gjennomføring av opplæring. I sam-band med den nye modulen i Kompetanseportalen bør ein nytte	Kompetanseportalen skal nyttast av føretaksgruppa i Helse Vest der medarbeidarar må ha opplæring og/eller sertifisering av utstyret.

<p>høvet til å vurdere samordningstiltak på tvers av føretaka.</p>	<p>Kompetanseportalen er mellom anna utvikla for å bli tatt i bruk til dette formål. Felles regionalt grunnkurs innan MU er nett utvikla og under implementering i regionen.</p> <p>Det er satt i gang ein pilot i Helse Bergen der bruk av egne standardiserte planar for opplæring av legar og sjukepleiarar innan MTU inngår. Alle prosessane skal dokumenterast i Kompetanseportalen. Når resultat frå denne føreligg vil dette vere grunnlaget for felles prosessar og rutinar i føretaksgruppa Helse Vest.</p> <p>Eit anna viktig tiltak for å sikre opplæring og bruk av MTU er at føretaksgruppa Helse Vest etablerer eit «Regionalt fagsenter for kompetanseplaner», som blir koordinert gjennom fagsenter for kompetanseplanar som er oppretta som eit tiltak for strategisk kompetansestyring og etablering av felles regionale kompetanseplanar. Ein viktig oppgåve vil være å samordna opplæringa på MTU området.</p> <p>Slik det går fram av rapporten er samordning til regionale innkjøp av MTU eit viktig tiltak for å sikra og effektivisera opplæringa der det er mogleg med støtte av felles regionale opplærings- og sertifiseringsplanar som blir satt opp per MTU komponent i Kompetanseportalen. Det inneber også at det blir gevinstar for den enkelte medarbeidar og helseføretaka der medarbeidarar har oppgåver i fleire føretak/tar jobb i eit anna helseføretak. Det vil også bidra i utdanning av legespesialistar der dei vil nytte same utstyr som dei lærer i sitt LiS løp.</p> <p>Eit viktig tiltak for å få betre kvalitet på opplæringa/sporbar dokumentasjon på gjennomført opplæring og plan for ny opplæring er at det i kvart av helseføretaka føreligg oppdaterte retningslinjer i deira kvalitetshandbøker som er «lesarvennlege» med gode brukarmanualar.</p> <p>Ved anskaffing av nytt utstyr må det være eit krav overfor leverandørane i anskaffingsprosessen at dei leverar «kortversjonar» av brukarmanualar som kan inngå som ein del av opplæringa i utstyret.</p> <p>Tydeliggjøring av ansvar og rutinar for den praktiske opplæringa av utstyr må utarbeidast i det enkelte føretak slik at medarbeidarar veit når og korleis opplæring skal gjennomførast og dokumenterast. Ein felles konsept for dette bør utviklast som standard for heile føretaksgruppa og bør organiserast under regionalt fagsenter for kompetanseplanar som er etablert.</p>
<p>3 Oppfylle forskriftskrava om risikovurdering, gjennomføring og dokumentasjon av førebyggjande vedlikehald.</p>	<p>Dette ansvaret vil i hovudsak ligge i det enkelt HF.</p>
<p>4 Gjennom systematisk samarbeid mellom føretaka betre systematikken på m.a. utarbeiding av felles rutinar for registrering av utstyr, opplæring</p>	<p>Rapporten frå internrevisjonen beskriv ein situasjon der hovudinntrykket er at kvart enkelt HF tar hand om dei ulike funksjonane knytt til MTU på ein tilfredsstillande måte. Likevel er det klare forbetningspunkt. Utover det</p>

	<p>og drift/vedlikehold, spesielt i lys av føreståande innføring av nytt FDV-system.</p>	<p>som er skreve under punkta 1,2 og 3 over, ser Helse Vest betydelege gevinstar ved å samordne dei ulike sidene av MTU-verksemda tettare regionalt. Dette gjeld både anskaffing, IKT-løysningar knytt til MTU, vedlikehold, oppgradering, standardisering av prosedyrane og opplæring. Dette er ei logisk vidareføring av det som alt er under gjennomføring når det gjeld EPJ og felles biletarkiv. Samordninga vil ha positive effektar både for økonomi, kvalitet og ikkje minst legge til rette for gode pasientforløp for dei pasientane som kryssar HF-grensene i sitt forløp. Dette vil bli tatt opp i en ny styresak som vil bli lagt fram før sommaren 2015.</p>
5	<p>RHF-et og HF-a bør vurdere kost/nytte ved større grad av samordning av ressursane (både utstyr og personell) innan MTU-området i Helse Vest.</p>	<p>Se omtale under punkt 4 over.</p>

Konklusjon

Det blir tilrådd at saka blir følgt opp slik det går fram om tabellen.

Vedlegg